

Nils Kvalvågnes  
Kvalvågnesvegen 681  
5956 Hundvin  
telf 95 88 68 88

Kvalvågnes 17. januar 2018.

Lindås kommune  
Vegavdelinga  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

## **Ønskje om trafikksikrings- og støydempende tiltak g&br. nr. 123/159 – Risasjøen.**

Eigedomen er omkransa av kommunal veg, og trafikkstøy, - særleg frå vegen mot Risøy, er til vesentleg sjenanse for bebruarane i bustaden. Manglande vegsikring mot Risøyvegen representerer og betydeleg trafikkfare. Sjå illustrasjon nedanfor og vedlagt situasjonskart.

Når det gjeld vegtrafikken frå/til båthamn og Risøy har denne auka kraftig dei siste åra. Særleg tungt lasta traktorar og anna tungtransport bråkar kraftig og legg etter seg ei eksossky når dei kjem oppover bakken frå bruа. Trafikken som kjem andre vegen representerer og ein føre ved at køyrety i høgresving kan skli inn på opphaltsområdet ved inngangspartia til eigedomen, - ein tomannsbustad der det også kan opphalda seg barn. Det føregår og ein del gangtrafikk over eigedomen av personar/barn som tek snarvegen på innsida av bygget og over til vegen til Risøy. Desse kan koma svært overaskande ut i Risøyvegen og det kan lett oppstå ulykke med personskade.

Undetteikna bed difor om at det vert sett opp ein kombinert støyskjerm /støypekant/ vegrekker langs Risøyvegen langs g&br.nr. 123/159 (Storhaugen 1), frå nord/vestre til nord/austre hjørne ved kryss innkjøring Storhaugen. Støyskjermen kan avsluttast på høgd med nord/austre hjørne av bygget medan støypekant/vegrekkverk må førast fram til krysset som sikring mot at køyrety sklir inn på opphaltsområdet utanfor bustaden.


Eg ønskjer at det vert teke ei synfaring snarast for avklaring av vidare framdrift for etablering av dette støy og trafikksikringstiltaket.

Syner elles til utgreiing/rapport: «Veileder for lokale støyskjemer» om helsemessige konsekvensar ved vegstøy og tilrådde tiltak.

Med helsing

Eigar av g&br. nr. 123/159, Storhaugen 1, Lindås

Nils Kvalvågnes



Vedlegg: Situasjonskart g&br. nr. 123/159, Storhaugen 1, grense mot kommunale vegar.

Veileder for lokale støyskjermer – Statens vegvesen:

[https://www.vegvesen.no/\\_attachment/71035/binary/37864?fast\\_title=Veileder+for+lokale+støyskjermer.pdf](https://www.vegvesen.no/_attachment/71035/binary/37864?fast_title=Veileder+for+lokale+støyskjermer.pdf)

Helseeffekter av vegtrafikkstøy – rapport statens vegvesen:

HYPERLINK

"[https://www.vegvesen.no/\\_attachment/60661/binary/12611](https://www.vegvesen.no/_attachment/60661/binary/12611)"

6

0

6

6

1